

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 22.02.2021  
**SAKSHANDSAMAR:** Berit Irene Haarklau  
**SAKA GJELD:** **Styringsdokument 2021 for Helse Førde HF**

**ARKIVSAK:** 2021/1088

**STYRET:**  
Styret i Helse Førde HF

**MØTEDATO:**  
26.03.2021

**STYRESAK:**  
017/2021

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek «Styringsdokument 2021 for Helse Førde HF» til vitende.

## Oppsummering

Styringsdokumentet klargjer premissane og rammene som gjeld for verksemda, og inneheld mål, oppgåver og resultatkrav til Helse Førde HF. Nokre punkt frå dokumentet:

- Pandemisituasjonen er lite føreseieleg i 2021
- Regjeringa vil skape pasientens si helseteneste
- Regjeringa vil skape det utadvende sjukehus og i helsefellesskap skal pasientane oppleve samanhengande helse- og omsorgstenester på tvers av spesialisthelsetenesta og kommunal helse- og omsorgsteneste

Helseføretaka skal innrette verksemda si med sikte på å nå overordna hovudmål:

1. Redusere unødig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
3. Betre kvalitet og pasienttryggleik

## Fakta

Styringsdokument 2021 for Helse Førde HF vart vedteke i føretaksmøte i Helse Førde HF 18. februar 2021. Styringsdokumentet vert deretter framlagt som sak til styret i Helse Førde HF 26. mars 2021.

Overordna mål:

1. Redusere unødig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga

Sentrale område:

- Nytt mål: Prosentdelen polikliniske konsultasjonar som gjennomførast over video og telefon skal vere over 15 prosent.
- Gjennomsnittleg ventetid i somatikk skal reduserast samanlikna med 2020. Gjennomsnittleg ventetid skal vere under 50 dagar i alle helseføretaka i 2022.
- Prosentdelen som er inkludert i pakkeforløp kreft skal vere minst 70 prosent. Variasjonen mellom helseføretaka skal reduserast.

2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling

Helseføretaka skal halde fram med å prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB). Pasientane skal oppleve samanhengande tenester på tvers av spesialisthelseteneste og kommunar. Implementering av pakkeforløp har høg prioritet.

### 3. Betre kvalitet og pasienttryggleik

Helseføretaka skal arbeide systematisk og målretta med kvalitetsbetring og pasienttryggleik til beste for pasientane. Arbeidsmiljø og pasientsikkerheit må sjåast i samanheng. Føretaka skal ta ansvar for strategisk og systematisk planlegging for å sikre kompetanse av helsepersonell (utdanne, rekruttere m.m.).

#### Økonomi

Resultatkravet for 2021 er fastsett til eit positivt resultat på 34 millionar kroner.

#### **Konklusjon**

Styringsdokumentet gir føringar for Helse Førde si drift og aktivitetar i 2021.

Nokre viktige område framover blir:

- Ventetider og fristbrot
- Pandemisituasjonen
- Helsefellesskap – samhandling med kommunane
- Kompetanse, utdanning, kvalitet, forskning og innovasjon

Administrerande direktør vil følgje utviklinga av dei ulike parameterane nøye utover året, mellom anna ved jamlege rapporteringar etter fastsette malar.

VEDLEGG:

Styringsdokument 2021 for Helse Førde HF